

## ÅRSMØTEPROTOKOLL

Årsmøte onsdag 24. mars 2010 kl 1900 på Hautunet. Det var 7 frammøtte inklusive styret.

**Sak 1 Godkjenning av innkalling**

Innkallinga var gjort kjend i to annonser i Haramsnytt, på Infokanalen og på BrattvågNett si internettside. Innkallinga vart godkjend.

**Sak 2 Val av møteleiar og referent**

Leiaren vart vald til møteleiar, sekretæren vart vald til referent og

**Sak 3 Val av person til å underteikne protokollen saman med møteleiaren**

Ivar Fjørtoft vart vald til å skrive under årsmøteprotokollen saman med møteleiaren.

**Sak 4 Årsmelding for 2009**

Årsmeldinga vart referert og godkjend.

**Sak 5 Rekneskap for 2009**

Rekneskapen vart referert og godkjend.

**Sak 6 Fastsetjing av avgifter og gebyr, budsjett 2010**

Det framlagde budsjettet vart godkjent. Det inneber ei heving av årsavgifta frå 1600 kr til 1800 kr per år. Dei andre satsane vart uendra.

**Sak 7 Val**

Styret har i 2009 vore samansett slik:

Geir Daugstad,	leiar	
Olav Gribbestad	nestleiar	(ikkje på val)
Sindre Vik	sekretær	
Rodgeir Viken	styremedlem	
Leif Sønderland	styremedlem	(ikkje på val)
Roger Sønderland	varamedlem	
Ingunn Lyngved	varamedlem	

Valnemda har ikkje vore i sving og det låg ikkje føre noko framlegg til nytt styre. Sitjande styre sa seg villig til å ta attval, og slik blei det.

Styret for 2010 ser då slik ut: Geir Daugstad, leiar, Olav Gribbestad, Sindre Vik, Rodgeir Viken og Leif Sønderland styremedlemmar, Roger Sønderland og Ingunn Lyngved varamedlemmar. Styret konstituerer seg sjølv.

Valnemd: Helge Austnes, leiar, Ingar Lie og Adnan Maksumic.

**Sak 8 Godtgjering til styret**

Godtgjering til styret vart fastsett uendra til 2000 kr per fast medlem per år.

**Sak 9 2. gongs vedtak om å endre vedtektene**

Vedtektene vart vedteke endra på siste årsmøte. Vedtektsendringar må vedtakast med 2/3 fleirtal på to årsmøte før dei vert gjort gjeldande. Endringane vart samrøystes vedtekne.

Brattvåg, den 24. mars 2010

  
Geir Daugstad

  
Ivar Fjørtoft